



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Løyve

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000

blir det gjeve løyve til

regulering av Flatråkervatnet og uttak av vatn for produksjon av settefisk

Meddelt: Sjøtroll AS, avd. Flatråker

Dato: 14. 05. 2003

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200104085-40 rv/ias

Kommune: Tysnes

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Flatråker

Vassdragnr.: 054.6

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000, gir Norges vassdrags- og energidirektorat med grunnlag i søknad av 05.10.2000, KTV-notat 21/2003 "Bakgrunn for vedtak"

Sjøtroll AS, avd. Flatråker

Løyve til regulering av Flatråkervatnet og uttak av vatn for produksjon av settefisk i Tysnes kommune i Hordaland på følgende vilkår:

1. Regulering og vassuttak

. Utbygginga vil nytte følgjande regulering:

Magasin	HRV kote	LRV kote	Reg. høyde m	Naturleg vasstand
Flatråkervatnet	45,15	43,22	93 cm	45.00 +/- 15 cm

Kotchøger til Statens kartverks høgdesystem (kart: 1114 II, M711). Reguleringsgrensene skal merkast med fast og tydeleg skalert målestang som skal plasserast ved dammen i søndre løp ved utløpet frå Flatråkervatnet.

Løyvet gjeld vassuttak i eit slikt omfang det er søkt om til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller føremål. Det skal førast protokoll over vassuttaket, og protokollen skal leggjast fram for NVE dersom det blir krevd.

2. Byggefristar m.v.

Om ikkje arbeidet med utbygginga er starta opp innan ein frist på tre år frå dato for løyvet, fell løyvet bort. Det samme gjeld om arbeidet deretter blir innstilt i meir enn 2 år. Fristen kan av vassdragsmyndigheita bli forlenga ein gong med inntil nye 3 år, jf. § 17 i vassressurslova.

3. Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av detaljplaner, tilsyn med utføring, seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne post er tillagt NVE. Utgifter med dette skal dekkjast av konsesjonæren.

Konsesjonæren pliktar å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysningar og berekningar for reguleringsanlegget. Arbeidet kan ikkje settes igang før planane er godkjent. Anlegga skal utførast solid, minst mulig skjemmaende og skal til ei kvar tid haldast i god driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planlegge, utføre og vedlikehalde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Konsesjonæren pliktar å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdet. Oppryddinga må være ferdig seinest 2 år etter at anlegget er satt i drift.

NVE kan gje pålegg om gjennomføring av plikter i medhald av denne posten.

4. Naturforvaltning

Konsesjonæren pliktar etter nærare avgjerd frå fylkesmannen å gjennomføre fiskeribiologiske granskingar og eventuelt sette i verk tiltak for å kompensere for skader på naturleg rekruttering av fiskestammane.

5. Automatisk freda kulturminner

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være eigna til å skade, øydelegge, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminner som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det samme og arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

6. Tersklar m.v.

I dei delar av vassdraget der inngrepa medfører vesentlege endringar i vassføring eller vasstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge tersklar, føreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprenskinger m.v. for å redusere skadeverknader.

7. Kontroll med oppfølging av vilkåra

Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar tid måtte bli fastlagt av NVE for oppfølging og kontroll med at oppstilte vilkår blir følgde.


Utgifter med kontrollen erstattast det offentlege av konsesjonæren etter nærmare regler som blir fastsett av NVE.

Alle utgifter knytt til kontroll og tilsyn med oppfølging av ovanståande vilkår eller pålegg gitt med heimel i desse vilkåra, skal dekkast av konsesjonæren.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, reglar i lova eller i medhald av lova fastsette vilkår, kan NVE fastsette ei tvangsmulkt på inntil kr. 100.000 pr dag eller inntil kr. 500.000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. vassressurslova § 60. NVE kan justere beløpet kvart 5. år.



Bjørn Wold
avdelingsdirektør



Rune Flatby
seksjonssjef